



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 19.02.2026
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Tom Rydland

Forfall må meldast til kyrkjevevja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

Innkallinga er sendt til:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Øyvind Heggland	Fungerande sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene: Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit Arild Steinsland, prost Rune Helland, vara for kommunal representant	

Fitjar, 12. februar 2026

Mette Elisabeth Lambach
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjevevja

2026-02-19

Sakliste:

SAK	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2026/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2026/13	Godkjenning av referat frå møte den 21. januar 2026	X
2026/14	Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2026/15	Rutinar og saksgang for soknerådssaker (drøftingssak)	X
2026/16	Økonomisk støtte til Temakveldgruppa	
2026/17	Diakoninemnda sine oppgåver (drøftingssak)	
2026/18	Nye medlemmer til ulike funksjonar	
2026/19	Utsending til NMS-generalforsamling i Bergen 25. – 26. juni	(utsett sak)
2026/20	Innsetjingsgudsteneste og kyrkjelydsfest 22. mars	
2026/21	Meldingar	X
2026/22	Open post	X

Vedlegg

1. Notat frå temakveldgruppa
2. Invitasjon til digitalt samråd

Sak 2026/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2026/13 Referat frå møte den 21. januar 2026

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 21.01.2026.

Sak 2026/14 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

På møtet vil soknepresten gje ei kort orientering om aktivitetane i kyrkjelyden den siste tida, samt litt om det som skal gjennomførast i tida som kjem.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2026/15 Rutinar og saksgang for soknerådssaker (drøftingssak)

Den nye soknerådsleiaren, Mette Lambach, ynskjer at soknerådet gjennomfører ein samtale om kva rutinar som bør brukast når det kjem saker og innspel til rådet. Rutinane må sikra godt og føreseieleg samspel mellom dei ulike aktørane som vert involverte. Dette gjeld leiar, soknerådsmedlemene, administrasjonen og dei som melder inn saker.

I kyrkja ynskjer me at det skal vera låg terskel for alle som måtte ynskja å ta kontakt med soknerådsmedlemer eller administrasjonen, men me må sikra at sakene vert teke vidare og behandla på ein ryddig og god måte.

På møtet vil leiaren leggja fram nokre tankar og erfaringar som kan vera grunnlag for ei drøfting mellom medlemane.

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.

Sak 2026/16 Økonomisk støtte til temakveldgruppa

Temakveldgruppa i Fitjar kyrkje har sendt eit brev til soknerådet. I brevet orienterer dei om status på arbeidet med temakveldane. Der kjem det fram at publikumstalet dei siste åra ikkje har vore høgt nok til å sikra ein god og stabil økonomi i arbeidet. Soknerådet hadde i mai 2023 oppe ei sak om same tema. I referatet frå møtet kan me lesa dette:

Sak 2023/43 Søknad om stønad frå temakveldgruppa

Det er ein ny søknad om støtte frå temakveldgruppa – sjå vedlegg ved innkallinga. Dei kr. 5.000 som soknerådet løyva tidlegare i vår strekkjer dessverre ikkje til. Temakveldgruppa har i dag ikkje pengar i kassen, men framleis eit underskot på 15.000. Til hausten håper gruppa at inntekter og utgifter går i balanse, men store utgifter til konsert med Edvard Hoem vil også kunne gje nytt underskot. Da arbeidsutvalet diskuterte saka var ikkje den heilt klarlagt. Forslaget frå AU er å dekkja noverande underskot, og løyva ei årleg underskotsgaranti på kr. 10.000 frå 2023. Føresetnad for utbetaling av underskotsgaranti må vera framlagt rekneskap for heile året.

Vedtak:

Fitjar soknerådet løyver ytterleg kr.15.000 til temakveldgruppa. Soknerådet er innstilt på å stille ein underskotsgaranti frå arrangement til arrangement. Dvs. at temakveldgruppa må søka underskotsgaranti på førehand, og vi oppfordrar temakveldgruppa til å søkje støtte også andre stader

Me ventar på å få tilsendt temakveldgruppa sin rekneskap for 2025 og budsjett for kvar enkelt temakveld første halvår 2026. Dette vil verta ettersendt så snart det ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.

Sak 2026/17 Diakoninemnda sine oppgåver (drøftingssak)

Kyrkjelyden si diakoninemnd har det siste året fått ny leiar og fleire nye medlemer. Dei ynskjer å leggja fram nokre tankar om arbeidet sitt for soknerådet, slik at rådet kan komma med tilbakemelding på desse. På møtet vil representantar frå diakoninemnda orientera og leggja til rette for at soknerådet kan drøfta saka.

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka.

Sak 2026/18 Nye medlemmer til ulike funksjonar og nemnder

På sist møte hadde soknerådet oppe ei sak der det vart gjort greie for at det er behov for å rekruttera nye frivillige til ulike oppgåver i kyrkjelyden. I etterkant av møtet har AU fått tak i frivillige til ein del av oppgåvene.

Status pr. i dag er slik:

1. Som nytt medlem til kyrkjelyden sitt misjonsutval, etter Eldbjørg Ø. Vikane som ynskjer avløyning, har Gunnbjørg Gloppen sagt ja til å vera med.
2. Nytt medlem til gudstenesteutvalet etter Mette Lambach vert å komma tilbake til når den nye soknepresten er kommen på plass.
3. Vikarar som klokkar for Sigrid Fangel fram til sommaren vert Svein Lunde og Tom Rydland.
4. Vikar som kyrkjetenar ved sjukdom og anna forfall har me ikkje fått tak i enno.
5. Ingrid Træet har sagt ja til å vera innkjøpsansvarleg for kyrkjekaffien.
6. Nye frivillige til kyrkjekaffien er Gunnbjørg Gloppen og Anne Grethe Hatlevik (vikar).
7. Tentreff treng framleis hjelp frå fleire vaksne på fredagskveldane

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet vil retta ei stor takk til dei som har stått i frivillig arbeid over lang tid, og til dei nye som no vil gå inn i arbeidet.
2. Gunnbjørg Gloppen vert oppnemnt til medlem av kyrkjelyden sitt misjonsutval for resten av soknerådsperioden.

Sak 2026/19 Utsending til NMS-generalforsamling i Bergen 25. – 28. juni (utsett sak)

Sidan Fitjar sokn har misjonsavtale med NMS, har me høve til å senda ein utsending med tale- og stemmerett til generalforsamlinga som skal vera i Bergen 25. - 28. juni. Her kan de lesa meir om generalforsamlinga: [Sommerfest og GF 2026](#)

Dersom soknerådet ynskjer å ha ein utsending med på samlinga, er det greitt at det vert avgjort i god tid kven dette skal vera. Då kan vedkommande setja av dagane og førebu seg på ein god måte. Det kan vera nyttig å oppnemna ein vara dersom vedkommande som vert vald likevel ikkje kan møta. Soknerådet bør og ta stilling til om utsendingen skal få dekkja kostnader ved deltakinga.

Aktuelle kandidatar vert lagt fram i møtet.

Framlegg til vedtak:

1. Fitjar sokneråd vel _____ som utsending til NMS sin generalforsamling i Bergen 25 – 28. juni 2026. Dersom _____ må melda forfall vert _____ vald som vara.
2. Dekking av evt. kostnader som utsendingen måtte ha i samband med oppdraget vert å avtala mellom AU og utsendingen.

Sak 2026/20 Innsetjingsgudsteneste og kyrkjelydsfest 22. mars

På sist møte vart soknerådsleiar Mette Lambach, nestleiar Svein Lunde og kyrkjevevjer Harald Rydland oppnemnt som hovudkomite for kyrkjelydsfesten i etterkant av innsetjingsgudstenesta den 22. mars. Komiteen har hatt to møte og fått sikra det meste som skal til for servering og program. Det er og gjort avtale med ei rekkje frivillige som vil vera med og bidra. Komiteen har god dialog med prosten og den nye soknerpresten for det som går på innhaldet i gudstenesta. På møtet vil komiteen gje ei meir detaljert orientering om det som er gjort av planlegging og utfordra soknerådsmedlemene til å ta på seg nokre oppgåver i samband med arrangementet.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet tek orienteringa til vitande
2. Soknerådsmedlemene tek på seg desse oppgåvene si samband med kyrkjelydsfesten:
 - a)
 - b)
 - c)
 - d)

Sak 2026/21 Meldingar

I møte vert det lagt fram munnleg informasjon om desse sakene:

- a. Status for planlegging av kyrkjelydstur til Helgatun (Anne Kristin, Kari og Tom)
- b. Nye lokale for kyrkjekontoret (Harald)
- c. Orientering om årsrekneskapen for 2025 (Harald)
- d. Nye prosjekt på gravplassen (Harald)
- e. Invitasjon til digitalt samråd 3. mars 18.00 – 20.00 (sjå vedlegg)

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2026/22 Open post**Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka